



NOR⇌C

NORWEGIAN AGENCY FOR
EXCHANGE COOPERATION

ÅRSRAPPORT
2025



INNHALDSLISTE

1. Leiarens fråsegn	4
2. Introduksjon til Norec og hovudtal	6
2.1. Hovudoppgåver og organisasjon	6
2.1.1. Instruks av 1. januar 2025	6
2.1.2. Organisasjonskart for 2025	7
2.1.3. Leiing i Norec	7
2.1.4. Lokalisering av Norec	7
2.2 Utvalde nøkkeltal	8
2.2.1 Tilsette og årsverk	8
2.2.2 Tildelingar og utnyttingsgrad	8
2.2.3 Oversikt over prosjekt per land – utveksling	9
2.2.4 Oversikt over prosjekt per land – demokratifremje	9
2.2.5 Oversikt over norskfinansierte tilsette i FN-organisasjonar og Verdensbanken per land	10
3. Aktivitetar og resultat i 2025	12
3.1. Prioriteringar frå tildelingsbrevet	12
3.2. Mål og styringsparametrar	13
3.2.1. Mål 1: Målgruppene er kjende med og tar i bruk Norec som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid	13
3.2.1.1. Styringsparameter 1: Auka kunnskap om Norec sin kompetanse i målgruppene	13
3.2.1.2. Styringsparameter 2: Gode system for kunnskapsproduksjon og formidling	17
3.2.2. Mål 2: Fleire sterke globale partnarskap for berekraftig utvikling	18
3.2.1.3. Styringsparameter 3: Fleire globale partnarskap mottar stønad frå Norec	18
3.2.1.4. Styringsparameter 4: Styrkte partnarskap for berekraftig utvikling	19
3.2.3. Mål 3: Fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling	23
3.2.3.5. Styringsparameter 5: Fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring	23
3.2.3.6. Styringsparameter 6: Unge menneske har fått kompetanse om berekraftig utvikling	24
3.2.4. Mål 4: Fleire norske borgarar er rekrutterte til internasjonale organisasjonar	25
3.2.3.7. Styringsparameter 7: Auka norsk nærvær i internasjonale organisasjonar	25

4. Styling og kontroll i verksemda	28
4.1. System for internkontroll.	28
4.2. Aktivitets- og utgreiingsplikta	28
4.3. Førebyggjande sikkerheit	29
4.4. Varslingssaker	29
4.5. Fellesføringar frå regjeringa	30
4.5.1. Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.	30
4.5.2. Positiv utvikling i talet på tilsetningar av personar med funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.	30
4.5.3. Reduksjon av konsulentbruken.	31
5. Vurdering av framtidsutsikter	32
6. Årsrekneskap 2025	34



BEREKRAFT: Norec partner Parmarth Samaj Sevi Sansthan jobbar med organisk dyrking og berekraftig landbruk i Jhansi, India.

1. LEIARENS FRÅSEGN

Eit av Norec sine oppdrag er å få unge menneske frå ulike land til å dele sin kompetanse for å styrke eigne samfunn. Deler vi, så lærer vi. Og når vi lærer, har vi større sjanse til å gjere jobben vår litt betre i morgon enn vi gjorde i går. Men for å dele og lære må vi vere opne for nye idear og for andre menneske sin måte å tenke og leve på, og vi må tore å sjå på vårt eige samfunn med eit nytt blikk.

Sidan 2001 har Norec lagt til rette for at over 13 000 unge menneske har delt med og lært av kvarandre. Med ny innsikt, nye idear og eit større globalt nettverk har dei reist tilbake til si verksemd, sine institusjonar eller sine frivillige organisasjonar og utvikla desse vidare. Dei har utvikla gründer- og leiartalent, kommunikasjonsevner, politisk innsikt og tankar om demokrati og gevinsten ved likestilling.

Året 2026 har starta med eit brak i heile verda, og utviklinga held dessverre fram i same takt og tone som vi forlét 2025. Trass i sterk polarisering mellom folk og land, grufulle åtak på menneske i krig og konflikthar, og hatske ytringar både lokalt og internasjonalt har Norec også i 2025 lagt til rette for at unge menneske frå mange ulike land har fått delt sin kompetanse på tvers av landegrenser for å styrke eigne samfunn.

Resultata frå arbeidet vårt vil du sjå i tal og historier i kapittel 3. Der kan du for eksempel lese om advokaten frå Uganda som gjennom Norec-utveksling til Kenya blei eksponert for ny kunnskap til å jobbe med bortføringar og ulovlege arrestasjonar.

Alle dei over 400 menneska som i 2025 var på utveksling i regi av Norec, har historier om korleis dei sjølve har utvikla respekt for andre, auka kunnskapen sin om globale forhold og tileigna seg ferdigheiter innan undervisning og leing.

Desse historiene handlar ikkje berre om kvar enkelt person i seg sjølv; dei handlar om kva dei har lært og kan gi tilbake til sine samfunn og arbeidsplassar. Når vi spør arbeidsgivarane kva dei får att for å sende og ta imot medarbeidarar på utveksling, rapporterer dei om at verksemda har utvikla seg på område som samarbeid, forhandling, sørvis og samfunnsansvar. Dette er eigenskapar for framtida.

Norec sitt oppdrag er gitt i vår hovudinstruks frå Utanriksdepartementet. Resultata som blir skapte gjennom gjensidig utveksling, bidrar til det fredsforskar Johan Galtung definerer som «positiv fred». Den type fred er kjenneteikna av rettferd, samarbeid og handtering av konflikthar gjennom dialog og empati, og ikkje berre fråvær av krig, som han definerer som «negativ fred».

Det er i år 25 år sidan Stortinget gav Det norske fredskorps, i dag Norsk senter for utvekslings-samarbeid (Norec), mandatet til å sende unge menneske på gjensidig utveksling i verda. Med 60 tilsette og base i Førde jobbar Norec for positiv fred i mange område, lokalt og globalt. Dette har vi gjort lenge, dette kan vi, og dette skal vi nok gjere i mange år framover. For når vi ser starten på 2026, så ser vi at positiv fred trengst.




Jan Olav Baarøy
Direktør



2. INTRODUKSJON TIL NOREC OG HOVUDTAL

2.1. Hovudoppgåver og organisasjon

2.1.1. Instruks av 1. januar 2025

2.1.1.1. Samfunnsoppdrag

Norec er ein del av den samla innsatsen for å realisere dei overordna måla i norsk utviklingspolitikk. Norec bidrar til resultatoppnåing gjennom å gi unge menneske internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling, gi støtte til globale partnerskap og dele kunnskapen sin med andre gjennom rolla som kompetansesenter for utveksling. Oppgåver knytte til regjeringa si satsing på å auke tal nordmenn i internasjonale organisasjonar er også ein del av samfunnsoppdraget til Norec. Det inneber at vi rekrutterer norske borgarar til viktige internasjonale organisasjonar som Norec samarbeider med, og at vi støttar organisasjonane med faglege ressursar på prioriterte område.

2.1.1.2. Hovudoppgåver

Gi unge menneske internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling

- Norec skal legge til rette for at unge menneske kan bidra til utvikling i eige samfunn.
- Norec skal ha ei aktiv kursverksemd som førebur deltakarar som skal på opphald i utlandet.
- Norec skal legge til rette for kompetanseheving og kunnskapsoverføring mellom unge menneske.

Vere eit kompetansesenter for utvekslingssamarbeid

- Norec skal innhente, produsere og systematisere kunnskap om utvekslingsverksemd i internasjonale partnerskap.
- Norec skal bidra til læring i og frå prosjekta gjennom rettleiing og kursverksemd.
- Norec skal gjere seg kjende i målgruppene for tenestene til Norec og vere ein aktiv formidlar av kunnskap og resultat frå forskning og samarbeidsprosjekt.

Forvalte tilskot for å styrke globale partnerskap som bidrar til berekraftig utvikling


- Norec skal gi tilskot til verksemdar som styrker arbeidet sitt gjennom internasjonalt samarbeid.
- Norec skal utvikle gjensidige partnerskap, inkludert sør-sør-partnerskap og triangulære partnerskap.
- Norec skal ha ein mangfaldig prosjektportefølje.
- Norec skal støtte utvikling av nye og innovative måtar å drive globale partnerskap på.

Rekruttere norske borgarar til internasjonale organisasjonar

- Norec skal forvalte rekrutteringsordningane for norske junior- og seniorekspertar til FN og utviklingsbankane og for nordmenn til FN sitt program for frivillige, og stipendordningar for norske FN-praktikantar.
- Norec skal følge opp norske tilsette i internasjonale organisasjonar og arbeide for å auke tal nordmenn i desse organisasjonane.

Heile instruksjonen kan du lese på norec.no.

2.1.2. Organisasjonskart for 2025



2.1.3. Leing i Norec

Ved årsskiftet 2025/2026 bestod leiinga i Norec av fem seksjonsleiarar, tre avdelingsdirektørar og éin direktør. Avdelingsdirektørar og direktør utgjør toppleiinga.

Ny instruks for uavhengig evalueringsavdeling for norsk utviklingssamarbeid hos Norec tok til å gjelde 1. januar 2025. Frå same dato tiltredde Henrik Nordal formelt stillinga som direktør for evaluering.

I juli 2025 gjekk programdirektør Margunn Indrebø Alshaikh ut i permisjon. Tehetena Woldemariam tok over som fungerande programdirektør. Therese Lothe tok over som fungerande seksjonsleiar for næringsliv og offentlig sektor etter Woldemariam.

- Direktør i Norec: Jan Olav Baarøy
- Avdelingsdirektør for program: Margunn Indrebø Alshaikh (t.o.m. medio juli 2025), Tehetena Woldemariam (f.o.m. medio juli 2025).
- Avdelingsdirektør for verksemdstyring: Anne Lise Bekjorden
- Avdelingsdirektør for evaluering: Henrik Nordal

2.1.4 Lokalisering av Norec

Vi held til i Fjellvegen 9 i Førde i Vestland fylke. Norec heitte tidlegare Fredskorpset og var lokalisert i Oslo, men blei desentralisert av regjeringa Solberg i 2018. Samtidig blei namnet endra til Norsk senter for utvekslingssamarbeid.

I 2025 har Norec gjort strukturelle endringar i kontorlokala for å gjere plass til ny avdeling for evaluering.

2.2 Utvalde nøkkeltal

2.2.1 Tilsette og årsverk

TILSETTE OG ÅRSVERK 2023-2025	2025	2024	2023
Tal tilsette*	63	60	51
Tal avtalte årsverk	57	48	46
Tal utførte årsverk	50,79	44,27	40,68


* Talet på tilsette inkluderer alle som har vore tilsette heile og delar av året. Tal tilsette per 31. desember 2025 var 63.

2.2.2 Tildelingar og utnyttingsgrad

TILDELINGAR OG UTNYTTINGSGRAD 2023-2025	FORKLARING	2025	2024	2023
Samla tildeling kap. 144.01	Norec – drift	74 519*	63 784	59 536
Utnyttingsgrad kap. 144.01	Norec – drift	97 %	98 %	99 %
Samla tildeling kap. 144.21	Spesielle driftsutgifter (evalueringsavdelinga)	5 000	0	0
Utnyttingsgrad kap. 144.21	Spesielle driftsutgifter (evalueringsavdelinga)	90 %	0	0
Samla tildeling kap. 144.70	Tilskot til utveksling	154 480	133 816	133 482
Utnyttingsgrad kap. 144.70	Tilskot til utveksling	99 %	99 %	100 %
Utnyttingsgrad kap. 144.71	Tilskot til stillingar i internasjonale organisasjonar	75 201	50 000	48 000
Utnyttingsgrad kap. 144.71	Tilskot til stillingar i internasjonale organisasjonar	99 %	99 %	99 %
Samla tildeling kap. 159.70	Regionløyvingar	3 975	0	0
Utnyttingsgrad kap. 159.70	Regionløyvingar	100 %	0	0
Utnyttingsgrad kap. 170.70	Demokratifremming gjennom politiske parti	7 500	6 457	
Samla tildeling kap. 170.70	Demokratifremming gjennom politiske parti	99 %	99 %	
Utnyttingsgrad kap. 1482.01	Internasjonale klima og utviklingstiltak	800	0	0
Utnyttingsgrad kap. 1482.01	Internasjonale klima og utviklingstiltak	95 %	0	0


*Den vesentleg auken i driftskostnader kjem av at avdelinga for evaluering av norsk bistand er flytta til Norec. Alle tildelingar er angitt i heile tusen.

2.2.3 Oversikt over prosjekt per land – utveksling



Figur 1

2.2.4 Oversikt over prosjekt per land – demokratifremje



Figur 2

NORSKE SEKONDERINGAR 2025

Junior Professional Officers (JPOs) &
Senior Professional Officers (SPOs)



2.2.5 Oversikt over norskfinansierte tilsette i FN-organisasjonar og Verdensbanken per land

ADB - Den asiatiske utviklingsbanken
1 JPO: FILIPPINENE

UN DESA
1 JPO: GENEVE

DPO
1 JPO: KENYA

DPPA
1 JPO: NEW YORK

FAO - FNs organisasjon for ernæring og landbruk
2 JPOs: ETIOPIA, BARBADOS

ILO - Den internasjonale arbeidsorganisasjonen
2 JPOs: PAKISTAN, GENEVE

OHCHR - FNs høgkommisær for menneskerettar
1 JPO: SØR-AFRIKA

UNDP CAFI
1 JPO: GENEVE

UNDP - FNs utviklingsprogram
3 JPOs: NEW YORK, UKRAINA, MALAWI
1 JPO: SUDAN

UNEP
1 JPO: KENYA

UNFCCC
1 JPO: TYSKLAND

UNFPA
2 JPOs: LIBANON, KENYA

UNHCR
2 JPOs: MOLDOVA, TYRKIA
1 JPO: KENYA

UNICEF
2 JPOs: NEW YORK, ETIOPIA
1 JPO: MYANMAR

UNODC
1 JPO: AUSTERRIKE
1 JPO: KENYA

UN WOMEN
1 JPO: TYRKIA
1 JPO: UGANDA
1 SPO: DET OKKUPERTE PALESTINSKE TERRITORIET

UNRWA
1 JPO: JORDAN

WFP
3 JPOs: KENYA, EGYPT, ITALIA
2 JPOs: ITALIA, MOSAMBIK

WHO - Verdas helseorganisasjon
1 JPO: ITALIA
1 JPO: GENEVE

WORLD BANK / IFC
2 JPOs: WASHINGTON
1 SPO: WASHINGTON
1 JPO: UKRAINA
2 SPOs: TYRKIA, DET OKKUPERTE PALESTINSKE TERRITORIET



3. AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2025

3.1. Prioriteringar frå tildelingsbrevet

I ei tid der den globale tilliten er svekt, held Norec fram arbeidet med å bygge tillit og forståing gjennom gjensidig utveksling. Utvikling av kompetanse og læring skjer på tvers av landegrenser. Ifølge partnerundersøkinga til Norec i 2025 er det desse verdiane tilskotsmottakarane meiner er viktigast for å få eit prosjekt til å fungere:

- gjensidig respekt
- tillit
- open og ærleg kommunikasjon

Fleire søker om tilskot

I 2025 behandla Norec eit rekordhøgt tal søknader. Etter fleire år med kutt i bistandsbudsjetta i mange givarland har behovet for støtte auka vesentleg. Samtidig har Norec arbeidd målretta med å gjere tilskotsordninga meir synleg. Vi har gitt rettleiing gjennom samlingar, møte og webinar. Dette har gjort ordninga meir tilgjengeleg og bidrege til det høge søknadstrykket.

Tett dialog med utanriksstasjonane

Norec har vidareført den tette dialogen med utanriksstasjonane og Utanriksdepartementet om programverksemda. I samarbeid med utanriksstasjonane har vi gjennomført aktivt interessentarbeid i mellom anna Ghana og Tanzania. I 2025 tok Norec imot fleire stasjonssjefar ved norske utanriksstasjonar med omfattande bistandsportefølje. Besøket deira i Førde la til rette for dialog om lokale kontekstar, prioriteringar og utfordringar i samarbeidslanda. Norec held også porteføljeoversikta per land oppdatert, slik at det er enkelt å halde oversikt på landnivå.



OPNING: Utviklingsminister Anne Beathe Kristiansen Tvinneheim opna i januar 2025 avdeling for evaluering av norsk utviklingssamarbeid i Norec. Her saman med evalueringsdirektør Henrik Nordal og direktør i Norec, Jan Olav Baarøy.

Den uavhengige evalueringsavdelinga

Den uavhengige evalueringsavdelinga er godt etablert i Norec. Avdelinga har arbeidd jamt med å bygge opp verksemda og med å hente inn innspel til og utarbeide eit evalueringsprogram. I 2025 har avdelinga også utvikla ein eigen visuell profil og arbeidd med ny nettstad. Dette skal gjere evalueringsarbeidet meir synleg, tilgjengeleg og tydeleg for eksterne brukarar. Norec har lagt til rette for arbeidet gjennom felles administrative rammer. Arbeidet er gjennomført i tråd med kravet om uavhengigheit.

Effektivisering og digitalisering av saksbehandlinga

I 2025 har Norec sett i verk fleire konkrete tiltak for å effektivisere bistandsforvaltninga. Vi har innført digitalt vurderingsskjema for søknader i første fase. Dette har gitt meir einsarta vurderingar og betre flyt i saksbehandlinga. Norec har òg søkt om og fått innvilga finansiering frå Digitaliseringsdirektoratet. Midlane går til eit treårig digitaliseringsprosjekt som omfattar heile saksbehandlingsløpet. Målet er ei betre brukaroppleving for partnarane våre, meir effektiv bruk av ressursar og styrkt grunnlag for rapportering og læring.

3.2. Mål og styringsparametrar

1

Målgruppene er kjende med og tar i bruk Norec som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid

STYRINGSPARAMETER 1

AUKA KUNNSKAP OM NOREC SIN KOMPETANSE I MÅLGRUPPENE

Kort samanfatta: Norec vurderer at vi i 2025 har nådd målgruppene våre gjennom kurs, webinar, rettleiing og digitale tiltak. Aktiviteten i Norec Network har auka, og nettverket har vakse frå 2191 til 2465 medlemmar. Vi har òg styrkt dialogen med bistandsaktørar, academia og internasjonale miljø. Samla vurderer vi måloppnåinga som god og breitt forankra.

Kunnskapsformidling på kurs og i nettverk

Tilskotsmottakarar – utveksling og fremming av demokrati

I 2025 utvida vi kurstilbodet slik at også dei 14 partnarane i tilskotsordninga for fremming av demokrati deltok. Partnarane møttest på tvers av ordningane og fekk innsikt i arbeidet til kvarandre. Det var første gong alle partnarane i ordninga for fremming av demokrati møttest for å dele erfaringar og utfordringar på tvers av land.

Norec arrangerte 25 kurs og 14 webinar i 2025. Det er 10 færre kurs enn året før. Årsaka er at introduksjonskursane no er organiserte annleis. No får tilskotsmottakarane i staden rettleiing frå saksbehandlarane.

Nye søkarar fekk til saman om lag 30 timar med individuell rettleiing.

Vi relanserte Norec si e-læring for deltakarar og tilskotsmottakarar. Fleire modular er no digitale. Det sparer ressursar og gjer at deltakarane møter betre førebudde til kurs. 60 prosent av dei som starta på e-læringa, fullførte heile opplæringa i løpet av kursperioden.

Vi har òg reorganisert kursa for partnarar i tilskotsordninga for utveksling. Kursa har no større vekt på oppstartsutfordringar og pliktene som følger av tilskotsavtalen.



FØRSTELANDNETTVERK: Med Norec Network Uganda er det første landnettverket i Norec. Målet er at landnettverket skal drifte seg selv, og engasjere nettverksmedlemmer i Uganda.

Tidlegare utvekslingsdeltakarar – Norec-nettverket

Vi har i 2025 hatt auka aktivitet i Norec-nettverket. Med utgangspunkt i behovsanalysen vi gjennomførte i 2024, har vi halde ni webinar med fagleg påfyll. Temaa har vore leiarskap, kommunikasjon, entreprenørskap, interkulturell kompetanse og klima – område medlemmene ønsker å styrke kompetansen sin på.

Vi har arrangert fire samlingar for landnettverka i Uganda, Nepal, Colombia og Guatemala. Nytt i år er at lokale styringsgrupper i Malawi, Uganda og Kenya har arrangert fem eigne nettverkssamlingar.

Nettverket har vakse frå 2191 medlemmer i 2024 til 2465 medlemmer i år.

Bistandsorganisasjonar, kunnskapsverksemdar og internasjonale nettverk

Norec har vidareutvikla samarbeidsrelasjonar med kunnskapsbedrifter i Noreg, norske bistandsaktørar og relevante internasjonale nettverk.

Vi har halde 19 foredrag og innlegg på arrangement i regi av andre. Der har vi delt kompetansen vår om rekruttering og samarbeid.

Som i fjor har vi planlagt og gjennomført ni eigne arrangement. Her har vi formidla erfaringar frå arbeidet vårt og oppmoda til debatt om og refleksjon over internasjonalt samarbeid.

For første gong har vi halde kurs ved norske akademiske institusjonar for unge forskarar som skal gjesteforske i utlandet.

Over 70 institusjonar og organisasjonar var representerte på Norec-samlingar i Ghana og Tanzania. Her hadde vi dialog om korleis utveksling kan møte kompetansebehov i organisasjonar, skape nye og gode samarbeidsrelasjonar og på sikt styrke læring. Vi gjennomførte samlingane i samarbeid med dei norske ambassadane i landa.

Saman med FN sitt kontor for sør-sør-samarbeid og den norske FN-delegasjonen lanserte Norec rapporten [Study on Personnel Exchanges as a Cooperation Model for South-South and Triangular Cooperation – South-South Galaxy](#). Samla sett for dei siste fem åra toppar Norec lista over støtte til triangulære partnerskap, ifølgje OECD-rapporten [Global Perspectives on Triangular Co-operation 2025](#). Dette kjem av at Norec har mange triangulære partnerskap i porteføljen.

Digital og skriftleg kunnskapsformidling

Lokalaviser og tidsskrift

I 2025 viste lokalaviser og tidsskrift stor breidd i formidlinga av historier frå unge menneske på arbeidsutveksling:

I Romerikes Blad fortalde Faudhia om ein trygg oppvekst med god støtte frå familien, men òg om trakassering i nærmiljøet fordi ho er fødd med

albinisme. Desse erfaringane deler ho i utvekslingsprosjektet, slik at vernepleiarar frå Noreg og Tanzania får kunnskap om tabu, diskriminering og rettar for personar med funksjonsnedsetting.

Bergensavisen skreiv om utvekslinga mellom sjukehusa Haukeland i Bergen og St. George i Johannesburg. Der har legen Lauri frå Haukeland fått mengdetrening i traumebehandling. Artikkelen løfta òg fram kompetansen ved St. George innan seinkomplikasjonar hos diabetespasientar. Dei norske sjukepleiarane Elisabeth og Sindre har fått meir kunnskap og praktisk erfaring med å handtere slike komplikasjonar under arbeidsopphaldet sitt på sjukehuset.

Fleire fagskrift har omtalt Norec-utvekslinga Multiconsult har hatt i Nepal. Utvekslinga har gjort selskapet betre rusta til å starte utbygging av eit vasskraftverk som vil auke straumforsyninga i Nepal.



TITTEL: Bildetekst



Sosiale medium

Norec har kontoar på Facebook, Instagram og LinkedIn.

I perioden 2023–2025 har Norec hatt jamn vekst i sosiale medium, særleg på LinkedIn. Veksten der heng saman med ei målretta satsing mot fagmiljø, profesjonelle nettverk og aktørar innan internasjonalt samarbeid.

Norec driv òg eigne kontoar på Facebook og LinkedIn for rekruttering til internasjonale organisasjonar, under namnet «Norec karriereportal». Dette er smale og målretta kanalar som vi primært bruker til å lyse ut stillingar og annonsere relevante moglegheiter i FN, utviklingsbankane og andre internasjonale organisasjonar.

SOSIALE MEDIUM	FØLGARAR 2023	FØLGARAR 2024	FØLGARAR 2025	VEKST 2024	VEKST 2025
LinkedIn Norec	3970	5400	7255	36 %	34 %
Facebook Norec	13498	13930	14 361	3 %	3 %
Facebook Norec karriereportal	532	826	1023	55 %	24 %
Instagram Norec	4299	4772	5230	11 %	10 %
Instagram Norec karriereportal	412	576	928	40 %	61 %

Tabell 1

Nettstaden

Besøkstala på nettstaden til Norec har auka i 2025:

NOREC.NO	SIDEVISINGAR	HANDLINGAR*
2024	112 811	300 300
2025	147 568	402 081
Prosentvis auke	31 %	34 %

**Handlingar på sida vil seie kor mange gonger bestemte aktivitetar er registrerte, for eksempel å klikke på lenker eller laste ned dokument.*

Tabell 2

Alle som besøker nettstaden, kan avvise informasjonskapslar i tråd med EU-regelverket. Det gjer at vi ikkje får registrert all trafikk. Ifølgje estimat frå nettsidebyrået vårt registrerer vi berre om lag 40–50 prosent av den totale trafikken.

Vi har òg fått Frontkom som ny leverandør av nettsidetenester. Vi har starta arbeidet med å utvikle ein eigen nettstad for evalueringsavdelinga og ein ny nettstad for Norec. Arbeidet blir ferdigstilt i 2026.

Nyheitsbrev

Norec hadde i 2025 tre ulike nyheitsbrev: eitt til partnarar som får tilskot til arbeidsutveksling, eitt til medlemmene i Norec-nettverket og eitt generelt nyheitsbrev. Innhaldet er kunnskap frå Norec sine kompetanseområde, og det er tilpassa dei ulike målgruppene.

I 2025 har vi sendt ut 18 utgåver av nyheitsbrev til om lag 6250 mottakarar.

Kort samanfatta: Norec har i 2025 vidareutvikla systema for kunnskapsproduksjon og -formidling. Automatisering av brukarundersøkingar og prosjektet Skills Mapping for the Future har gitt meir presis måling av læringsutbytte. Rapporten Changed by Exchange dokumenterer kvalitative effektar av utveksling for deltakarar og omgjevnader. Samla vurderer vi systema som styrkte og meir kunnskapsbaserte.

Automatisering

I 2025 har vi tatt store steg i retning av å automatisere brukarundersøkingane vi sender til deltakarar på Norec-utveksling. Dette reduserer det manuelle arbeidet i seksjonen for kunnskap og læring.

Meir nøyaktig måling av kva deltakarane har lært

Gjennom prosjektet [Skills Mapping for the Future](#) forbetrar vi målinga av kva kunnskap deltakarane sit att med etter eit utvekslingsopphald gjennom Norec.

I prosjektet utviklar vi ein ny kursmodul. Der får deltakarane ei innføring i eit omfattande rammeverk for kunnskap og ferdigheiter. Rammeverket er utvikla av [World Economic Forum](#) og gjer deltakarane meir bevisste på eigne kunnskapar og ferdigheiter. Dei svarer på eit spørjeskjema både før dei reiser på utveksling, og etter at utvekslinga er avslutta. Slik kan vi måle meir presist kva deltakarane har lært.

Dette prosjektet var òg tema for ein av Norec sine presentasjonar på IVCO hausten 2025.



SAMARBEID: I 2025 arrangerte Norec to seminar i samarbeid med Christian Michelsens Institutt i Bergen. Målet er å vidareutvikle ei satsing som gir forskarar verktøy til å handtere feltarbeid, etikk og psykisk press.

Rapport om effekten av utveksling for deltakarane

I rapporten [Changed by Exchange](#) publiserte vi nokre av historiene vi har samla frå deltakarar som har vore på arbeidsutveksling med Norec. Intervjua viser at utvekslinga har bidrege til karriereutvikling og sosialt entreprenørskap. For fleire har utvekslinga òg vore viktig i arbeidet deira som menneskerettsforkjemparar og for utviklinga av identiteten deira som globale borgarar.

Uttekslinga har også påverka familieane og nærmiljøa til utvekslingsdeltakarane. Nye verdiar knytte til likestilling og miljøengasjement har fått konsekvensar for dei som står dei nær. Mange jobbar framleis i sivilsamfunnsorganisasjonar og fortel korleis dei har vidareført idear frå utvekslinga i organisasjonane sine.

2

Fleire sterke globale partnerskap for berekraftig utvikling

STYRINGSPARAMETER 3

FLEIRE GLOBALE PARTNERSKAP MOTTAR STØNAD FRÅ NOREC

Kort samanfatta: I 2025 støtta Norec 76 prosjekt med 190 partnarar frå 28 land. 15 prosjekt var nye, og seks av dei var med heilt nye partnarar. I tillegg finansierte vi 15 forundersøkingar. Porteføljen omfattar både sør-sør- og triangulære partnerskap, i tillegg til seks prosjekt for demokratifremming gjennom politiske parti.

I 2025 støtta Norec 76 ulike prosjekt, der 190 ulike partnarar frå 28 ulike land jobba saman for å nå berekraftsmåla.

51 prosent av verksemdene som fekk støtte, var frå Afrika, 21 prosent frå Asia og ti prosent frå Latin-Amerika. 18 prosent av verksemdene var norske.

15 av samarbeidsavtalane som var aktive i 2025, var nye prosjekt med to og tre års varigheit. Seks av prosjekta var med heilt nye partnarar. 29 av prosjekta blei avslutta i løpet av 2025, noko som utgjør nesten 40 % av prosjekta.

I 2025 støtta Norec 15 forundersøkingar.

35 av prosjekta, altså 46 prosent, var mellom partnarar i land i sør, mens 41 prosjekt hadde minst éin norsk partnar. Av desse var 16 prosjekt triangulære partnerskap, noko som utgjør 21 prosent av porteføljen.


Sivilsamfunnsorganisasjonar utgjør med 67 prosent størsteparten av Norec sine partnarar. 21 prosent var offentlege organisasjonar, mens 12 prosent var private verksemdar.



VIKTIG KUNNSKAP: Utveksling av kunnskap mellom sjukepleiarar og legar i Norge og India har bidrege til at dødelegheita for nyfødde ved gjekk ned med nesten 50 prosent i løpet av tre år.


Demokratifremming gjennom politiske parti

Seks ulike prosjekt fekk støtte frå ordninga for demokratifremming i 2025. Prosjekta er inngått mellom fem ulike norske politiske parti/ungdoms-parti og partnerar frå Argentina, Peru, Colombia, Etiopia, Libanon, Palestina og Aust-Europa. Alle prosjekta blei avslutta 31. desember 2025. Norec fekk sju søknader om prosjekt med oppstart i 2026. Desse blir ferdig saksbehandla i 2026.




Figur 4

KONTINENT – NOREC PARTNARAR 2025



Figur 5: Oversikt over kontinent for Norec sine 190 samarbeidspartnarar i 2025.

SEKTOR – NOREC PARTNARAR 2025



Figur 6: Oversikt over kontinent for Norec sine samarbeidspartnarar i 2025.

STYRINGSPARAMETER 4

STYRKTE PARTNARSKAP FOR BEREKRAFTIG UTVIKLING

Kort samanfatta: Norec si støtte har bidrege til auka kompetanse og styrkt målgruppeoppnåing hos partnerane. Ni av ti rapporterte betre evne til å nå eiga målgruppe. Fleirtalet meldte om styrkt kompetanse, særleg innan samarbeid og rettleiing. Prsjekta bidrog til måloppnåing på tvers av 14 av 18 berekraftsmål.

I 2025 har seksjon for kunnskap og læring halde fram arbeidet med å gjere informasjon frå Norec sin prosjektdatabase meir tilgjengeleg. Analysar av data frå 73 sluttrapportar om prosjekt som blei avslutta i perioden 2023–2025, viser at saksbehandlarane i svært stor grad vurderer måloppnåinga i prosjekta som høg.

Betre tilgang til hygieneartiklar i underprivilegerte område


Prosjektet «Fremming av seksual- og reproduksjonshelseutdanning gjennom utveksling av ekspertise» har bidrege til berekraftsmål 3 ved å forbetre tilgangen til seksuelle og reproduktive helsetenester. Prosjektet har særleg styrkt informasjonsformidlinga og tilgangen til hygieneartiklar i rurale område i Satkhira i Bangladesh og i underprivilegerte område i Katmandu i Nepal.

Prosjektet har gitt informasjon direkte til elevgrupper og til lærarar gjennom undervisning og opplæring av instruktørar. Offentleg tilsette har òg deltatt i opplæring organisert av partnerorganisasjonane og Norec-deltakarar.

Norec-partnarane Aawaaj og Agrogoti Sangstha har samarbeidd om å utvikle ein helseopplysningsmanual. Styresmaktene i både Nepal og Bangladesh har anerkjent og tatt i bruk manualen.

I prosjekta som fekk støtte frå Norec i 2025, var 14 av dei 18 berekraftsmåla representerte.

Flest prosjekt arbeidde med berekraftsmål 3, God helse og livskvalitet, (28 prosent) og berekraftsmål 4, God utdanning, (13 prosent). Deretter følger berekraftsmål 5, Likestilling mellom kjønna, og berekraftsmål 16, Fred, rettferd og velfungerande institusjonar, begge med 9 prosent. Berekraftsmål 8, Anstendig arbeid og økonomisk vekst, og berekraftsmål 13, Stoppe klimaendringane, var representerte med 7 prosent kvar.




Figur 7

Kartla effektane av eit Norec-prosjekt

I 2025 sende vi ut ei undersøking til alle som har fått midlar frå oss dei siste to åra. Målet var å kartlegge effektane av eit Norec-prosjekt og få innspel frå partnerane våre. Vi bad tilskotsmottakarane svare på kva område prosjektet har gjort at dei har utvikla kompetanse på.

Dei klart mest valde kompetanseområda var samarbeid med andre (87 prosent), undervisning, rettleiing og coaching (82 prosent) og tilpassingsevne, fleksibilitet og smidigheit (74 prosent).

Over halvparten oppgav at prosjektet har styrkt kompetansen innan meistringstru, kognitive evner, sørvisinnstilling, pålitelegheit, detaljorientering og samfunnsansvar. 45 prosent seier at dei har fått meir kunnskap om miljøforvaltning.



Figur 8: Andel av respondentane som seier dei har oppnådd ulike typar kunnskap som følge av Norec-prosjektet. Tal på svar: 102. Kjelde: Norec Partner Survey 2025.

I undersøkinga spurde vi òg om prosjektet har vore viktig for organisasjonen si kapasitetsutvikling, og om det har styrkt organisasjonen si evne til å nå eiga målgruppe. Ni av ti partnarar svarte at dette er tilfellet.



Sourn Chan frå Kambodsja er på utveksling til Barwani, Indai gjennom Norec.

Betre representasjon av unge, kvinner og personar med funksjonsnedsetting i etiopisk politikk

I KrF sitt samarbeidsprosjekt med Fellesrådet for etiopiske politiske parti har prosjektet styrkt institusjons- og kapasitetsbygging i arbeidet med å inkludere unge, kvinner og personar med funksjonsnedsetting i politiske prosessar.

Fellesrådet er ein medlemsorganisasjon for alle lovleg registrerte politiske parti i Etiopia. Organisasjonen har som mandat å løyse konflikhtar mellom parti, inkludert valrelaterte tvistar, handheve vallovgivinga overfor partia, styrke kapasiteten deira og representere dei politiske interessene til partia.

Dette samarbeidsprosjektet inngår i ordninga for fremming av demokrati, og det har bidrege til å etablere ein ungdomsorganisasjon, ein

kvinneorganisasjon og ein organisasjon for personar med nedsett funksjonsevne i Fellesrådet. Gjennom prosjektet har rådet vedtatt at kvinner, ungdom og personar med nedsett funksjonsevne skal vere representerte i den nasjonale leiinga.

I 2025 har KrF og Fellesrådet halde seminar om konflikthandtering, konsensusbygging og kommunikasjon for over 300 deltakarar. Deltakarane var nye medlemmer i dei tre organisasjonane og andre politikarar i Etiopia. Prosjektet har også gjennomført regionale kongressar, der 50 personar blei valde inn i leiarstillingar for dei regionale einingane under Fellesrådet.

I 2025 ferdigstilte dei ei praktisk handbok for nye medlemmer i Fellesrådet, og dei produserte tre podkastar om inkludering i politisk arbeid.



Norec Network-samling i Uganda

EtterUtveksling

I år fullførte heimvende Norec-deltakarar fem eigenutvikla prosjekt. Prosjekta tok utgangspunkt i det dei hadde lært under utvekslinga, slik at dei kunne overføre kunnskapen til lokalsamfunna sine.

Eitt av prosjekta blei gjennomført i Kenya. Der utvikla lokale bønder, med rettleiing frå utvekslingsdeltakarane, metodar for å drive økologisk jordbruk. Prosjektet førte òg til at fleire sjølvhjelpsgrupper blei etablerte. Ei av kvinnegruppene starta med drift av bikubar. Inntektene frå honningproduksjonen har gitt ekstra inntekter til hushalda deira.

Eit anna prosjekt blei gjennomført i Zambia. Der har jenter i alderen 13 til 15 år lært å sy egne gjenbrukbare bind.

I eit tredje prosjekt mobiliserte ein utvekslingsdeltakar lokalsamfunnet til å bygge fundament for ei fotballbane. Bana har blitt ein samlingsstad for ungdom.


STYRINGSPARAMETER 5

FLEIRE UNGE MENNESKE HAR FÅTT INTERNASJONAL ARBEIDSERFARING

Kort samanfatta: 417 deltakarar har reist på utveksling gjennom Norec i 2025. Deltakarane arbeidde i prosjekt mellom land i sør og mellom Norec og land i sør, og opphalda hadde i snitt 7,5 månaders varigheit. Samla utgjorde dette om lag 266 årsverk, eller om lag 465 000 arbeidstimar, i partnerorganisasjonane. På denne måten har fleire unge fått verdifull internasjonal arbeidserfaring og styrka kapasiteten i partnerskapa.




I 2025 reiste 417 unge menneske på utveksling gjennom eit Norec prosjekt. Det store fleirtalet, 232 personar, var på utveksling mellom to land i sør. 92 nordmenn reiste på utveksling til eit land i sør, og 93 unge menneske frå land i sør var på utveksling i Norec. Snittalderen var 28 år, og kvinner utgjorde 70 % av deltakarane. Deltakarane var i snitt på utveksling i 7,5 månader. Til saman jobba dei om lag 263 årsverk, eller om lag 460 000 arbeidstimar.



Kort samanfatta: Deltakarundersøkinga viser at fleirtalet rapporterer både ny fagkunnskap, nye ferdigheiter og haldningsendringar. Over åtte av ti meiner utvekslinga har bidrege til berekraftig utvikling og styrkt partnarskapa. Dei fleste oppgir auka kulturforståing og global medvit, samt styrkte ferdigheiter innan samarbeid, leiing og tilpassingsevne. Samla vurderer vi at utvekslinga gir relevant kompetanse om berekraftig utvikling.

Alle som deltar i utveksling gjennom Norec, må svare på ei undersøking etter opphaldet. Der spør vi mellom anna om korleis dei vurderer effektane av prosjektet. Meir enn åtte av ti som svarte i 2025, meinte at prosjektet har bidrege til berekraftig utvikling, og at det har styrkt globale partnarskap og organisasjonane som deltar i samarbeidet.

Når det gjeld eigen lærdom, svarte 97 prosent at dei har fått større kulturforståing, er meir respektfulle overfor andre og har fått betre forståing av globale forhold. 91 prosent oppgav at dei opplever seg som «globale borgarar».




Figur 9: Andel av Norec-deltakarar som oppgir å ha utvikla ulike typar kompetanse som følge av utvekslinga. Desse deltakarane svarte på undersøkinga i perioden oktober 2024–september 2025. Tal svar: 196.

Vi spør òg kva kunnskapar og ferdigheiter dei har tileigna seg. I 2025 svarte meir enn 80 prosent at dei hadde styrkt ferdigheiter som tilpassingsevne, fleksibilitet og smidigheit, samarbeid med andre, meistringstru og kognitive evner. Deretter følgde undervisning, rettleiing og coaching (76 prosent) og leiingsferdigheiter (75 prosent).

68 prosent oppgav at dei har blitt betre på pålitelegheit og detaljorientering, mens 62 prosent svarte at dei har styrkt samfunnsansvar og sørvisinnstilling. 61 prosent har fått meir kunnskap om miljøforvaltning, og 51 prosent oppgav betre fysiske evner.

Namakajo Deric Fredric (33) frå Luwero i Uganda blei menneskerettsadvokat etter at familien opplevde politisk uro og overgrep. Allereie som student etablerte han ein menneskerettsklubb og engasjerte seg i rettsarbeid. I 2024 deltok han i ei arbeidsutveksling i Kenya, der han jobba med saker om bortføringar og ulovlege arrestasjonar. I arbeidet med å få [36 bortførte ugandarar](#) mellombels lauslatne brukte han både ugandisk og kenyansk lovverk. Prosjektet har etablert ein Rapid Response Group, eit nettverk med om lag 95 advokatar som samarbeider om rask innsats ved menneskerettsbrot. Han seier:



«Viss det ikkje var for utvekslinga, ville eg ikkje ha utvida nettverket mitt (...). Før jobba eg berre med nasjonalt demokrati, men no kan eg tydeleg seie at eg har kapasitet til å arbeide med påverknad på både regionalt og kontinentalt nivå.»

4

Fleire norske borgarar er rekrutterte til internasjonale organisasjonar

STYRINGSPARAMETER 7

AUKA NORSK NÆRVÆR I INTERNASJONALE ORGANISASJONAR

Kort samanfatta: Ved utgangen av 2025 finansierte Norec 39 juniorekspertar (JPO) og fire seniorekspertar (SPO). Det blei lyst ut 15 stillingar med totalt 789 søkarar, og tolv nye JPO-ar og tre nye SPO-ar vart rekrutterte til prioriterte organisasjonar. Ti av 15 JPO-ar fekk forlenging med samfinansiering, og éin gjekk over i fast FN-stilling. Norec har styrkt arbeidet gjennom etablering av eigen rekrutteringsseksjon og målretta karriererettleiing og kandidatstøtte. Samla vurderer vi at innsatsen bidreg til auka norsk nærvær i prioriterte internasjonale organisasjonar.

Norec finansierte 39 juniorekspertar (JPO) og fire seniorekspertar (SPO) per 31. desember 2025.

Status for rekruttering av juniorekspertar og seniorekspertar

Ein auke i budsjettet i 2025 gav rom for å rekruttere 11 nye juniorekspertar og 2 nye seniorekspertar, i tråd med tildelingsbrevet. I tillegg blei det rekruttert 1 juniorekspert som var fullfinansiert av Klima- og miljødepartementet (KLD), og 1 seniorekspert som var fullfinansiert av Utanriksdepartementet.

Det blei rekruttert minst éi stilling til følgande organisasjonar i 2025: Verdsbanken, FNs barnefond (UNICEF), FNs befolkningsfond (UNFPA), FNs høgkommissær for flyktingar (UNHCR) og Verdas matvareprogram (WFP). Desse internasjonale organisasjonane var blant dei som skulle prioriterast, jf. Prop. 1 S (2024–2025), og som blei vurdert å gi junior- og seniorekspertar gode moglegheiter til karriereutvikling.



JUNIOREKSPERT: Som norsk juniorekspert i Asian Development Bank (ADB) jobbar Andre Svanes med nokre av dei mest krevande energi- og klimautfordringane i verda.

Vi rekrutterte kandidatar til følgande stillingar med tilhøyrande søkartal:

NYE REKRUTTERINGAR I 2025				
Organisasjon	Tematikk	Tenestestad	Type	Søkarar
DESA	Programme Management Officer	Genève	JPO	38
UNICEF	Emergency Officer	Yangon	JPO	70
UNRWA	Associate Change Management Officer	Amman	JPO	134
UNODC	Anti-corruption	Nairobi	JPO	50
UNDP	Women, Peace and Security Analyst	Port Sudan	JPO	81
WHO	Technical Officer, Gender, Rights and Equity	Genève	JPO	92
WFP	Programme Policy Officer, Gender and Protection	Maputo	JPO	40
WFP	Programme Policy Officer, Asset Creation and Livelihoods	Roma	JPO	27
UNHCR	Associate Child Protection Officer	Nairobi	JPO	35
UN Women	Gender in Humanitarian Action Programme Analyst	Kampala	JPO	113
World Bank	Programs and Funds	Kyiv	JPO	32
UNFCCC (KLD)	Agriculture, Forestry and Land-Use	Bonn	JPO	24
World Bank / IFC	Operations officer, Gender Equality and Economic Inclusion	Istanbul	SPO	11
UN Women	Head of Gaza Sub-Office	Gaza	SPO	16
World Bank (159.70)	Operations Officer	Jerusalem	SPO	26

Tabell 3

Vi fekk totalt 789 søknader på stillingane som blei lyste ut i 2025.

Alle juniorekspertane begynte i stillingane mellom april og november, og seniorekspertane starta i oktober og november. Rekrutteringsprosessen for stillinga ved UN Women sitt kontor i Gaza var ikkje avslutta ved årsskiftet.

Av 15 juniorekspertar som avslutta det tredje året sitt i 2025, fekk ti forlenging til eit fjerde år med samfinansiering frå FN-organisasjonen. Éin av desse gjekk over i fast FN-stilling på P4-nivå etter avslutta JPO-periode.

For fire av juniorekspertane var det ikkje mogleg for organisasjonane å samfinansiere et fjerde år. Dei siste to slutta av private årsaker.

Arbeidet med auka norsk nærvær i internasjonale organisasjonar

1. september 2025 oppretta Norec ein eigen seksjon for rekruttering til internasjonale organisasjonar. Seksjonen har sidan arbeidd systematisk med å følge opp junior- og seniorekspertar i norskfinansierte stillingar. Norec har òg tatt initiativ til eit felles rammeverk med dei nordiske landa og Sveits. Rammeverket omfattar mellom anna spørjeundersøkingar som skal gi betre og meir samanliknbar kunnskap om kva som påverkar karriereutviklinga.

Norec har òg etablert ei LinkedIn-gruppe for nordmenn i internasjonale organisasjonar for å dele informasjon og legge til rette for erfaringsutveksling.

I 2025 gjennomførte vi fleire aktivitetar for nordmenn i FN og utviklingsbankane: Vi arrangerte nettmøte med utanriksministeren. I mai besøkte vi FN i New York og Verdsbanken i Washington D.C. for å følge opp samarbeidet med organisasjonane og møte dei norske tilsette. Vi skreiv fleire støttebrev for norske kandidatar som søkte stillingar hos FN-organisasjonar. I tillegg samarbeida vi med ambassader og delegasjonar for å støtte norske kandidatar til prioriterte stillingar. Vi la òg til rette for intervjuførebuingar for ein kandidat til ei høgare stilling.

Norec handterte over 100 individuelle førespurnader om norskfinanserte stillingar og stipendordningar via e-post. I tillegg hadde vi mykje direkte kontakt med dei ulike ressursane som hadde med oppdraget å gjere.



Camilla Valvik og Edin Elgsæther jobbar med rekruttering av nordmenn til internasjonale stillingar i FN og utviklingsbankane.



4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Norec utførte alle tildelte oppdrag i tråd med måla og prioriteringane departementet har fastsett. Vi meiner vi har brukt ressursane effektivt og har god intern kontroll. Norec har gjennom heile året hatt god dialog med departementet om gjennomføring av tildelte oppdrag.

4.1. System for internkontroll

I 2025 har Norec vidareført det etablerte internkontrollsystemet utan vesentlege endringar frå 2024. Arbeidet har i hovudsak vore retta mot å sikre stabil drift, oppretthalde kvaliteten i kontrollaktivitetane og styrke etterlevinga gjennom løpande oppfølging. Vi har gjennomført regelmessige risikovurderingar, intern rapportering og kontrollhandlingar som bidrar til å identifisere avvik og forbedringsmoglegheiter. Desse vurderingane dannar grunnlaget for prioriteringar i styringsdialogen og for eventuelle justeringar i rutinar og prosessar.

I 2025 har fleire tilsette enn tidlegare blitt involverte i dette arbeidet. I tillegg er det gjennomført opplæring og kompetanseheving for å sikre at medarbeidarane har nødvendig forståing av betydning og praktisk bruk.

Norec er fullservice-kunde hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) og følger deira rutinar for internkontroll.

4.2. Aktivitets- og utgreiingsplikta

I 2025 har Norec vidareført og styrkt arbeidet med aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP) i tråd med likestillings- og diskrimineringslova. ARP-gruppa har jobba systematisk gjennom året og brukt risikokartlegging, MUST-undersøkinga (medarbeidarundersøking i staten), arbeidsmiljødata, avvikssystem og innspel frå tilsette som grunnlag for arbeidet. Risikokartlegging innan rekruttering, tilrettelegging, forfremming og arbeidsmiljø er eit levande dokument som vil bli fortløpande oppdatert.

Norec har gjennomført ei oppdatert risikokartlegging der mobbing, uønskt seksuell merksemd, reisesikkerheit og språkbarrierar blei identifiserte som særleg viktige område. Basert på dette har vi gjennomført følgande tiltak:

- Revidert intern prosedyre for handtering av konflikt, mobbing, trakassering, seksuell trakassering og vald i Norec er under utarbeiding.
- Vi har arrangert ein fagdag der LDO (Likestillings- og diskrimineringsombodet) hadde ansvar for innhaldet.
- Rekrutteringsarbeidet er styrkt gjennom oppdaterte malar, bevisstgjerer rundt språkkrav og implisitt bias, og deltaking på kurs i mangfaldsrekruttering.
- Arbeidsmiljøarbeidet er tettare knytt til ARP gjennom funn frå MUST-undersøkinga, vernerundar og avvikssystemet.
- Norec har hatt fleire fagdagar og kompetansetiltak med tema som rasisme, normkritikk, inkludering og spelereglar i arbeidslivet.

Oppfølging av tiltak etter MUST-undersøkinga skal gjennomførast i samsvar med handlingsplanen.

Arbeidet har ført til betre forankring av ARP i leiinga og AMU (arbeidsmiljøutvalet), større openheit om likestilling og arbeidsmiljø, og auka kompetanse i organisasjonen. Samstundes viser kartleggingane at det framleis er behov for å styrke universell utforming, sikre meir systematikk i karriereutvikling og forfremming, og gi betre støtte til nye tilsette med språk- og tilretteleggingsbehov.

Heile likestillingsutgreiinga for 2025 er tilgjengeleg på nettsidene til Norec.

4.3. Førebyggjande sikkerheit

Norec-tilsette er ofte på tenestereiser i Afrika, Asia og Latin-Amerika, mellom anna for å besøke prosjekt, møte partnarar og gi opplæring til Norec-deltakarar.

Reisene er som oftast til kjende område, der risikoen for vald, politisk uro, kriminalitet og naturkatastrofar er godt kartlagd. Vi har tiltak og rutinar for å redusere og førebygge risikoen før kvar reise. Tiltaka og rutinane blir vurderte og justerte jamleg. Vi øver på ulike scenario med tilsette og leiing to til tre gonger i året for å stressteste kunnskapane og rutinane våre.

I 2025 har Norec fokusert på sikkerheit og beredskap for kursverksemd i utlandet. Vi har testa rutinane våre for kommunikasjon og ansvarsfordeling med Utanriksdepartementet og ambassadar.

4.4. Varslingssaker

Det blei oppretta 14 nye varslingsaker i 2025. Åtte gjaldt økonomiske forhold, tre gjaldt seksuell utnytting, misbruk og trakassering (SEAH), og tre gjaldt andre forhold.

12 varslingsaker blei avslutta i 2025. Seks av desse gjaldt økonomiske forhold, og éi sak blei avslutta med krav om tilbakebetaling av midlar og terminering av avtale. Fire av dei avslutta sakene gjaldt SEAH, og to gjaldt andre forhold.

Norec deltar i månedlege statusmøte for varslingssaker med Sentral kontrollleining i UD og Norad sin internrevisjon. Dette sikrar mellom anna at varsel som gjeld tilskotsmottakarar som får støtte frå fleire hald, for eksempel frå både Norec og Norad, blir fanga opp.

4.5. Fellesføringar frå regjeringa

4.5.1. Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Norec arbeider systematisk for å redusere eigne klimagassutslepp. I 2025 har verksemda utarbeidd klimarekneskap i tråd med Greenhouse Gas Protocol (GHG-protokollen). For utslepp som kjem av straumforbruk, har vi nytta både lokasjonsbasert og marknadsbasert metode.

1. utsleppskategori 1, direkte utslepp frå verksemda: **ingen utslepp**
2. utsleppskategori 2, indirekte utslepp frå energiforbruk:
 - a. **2,8 tCO₂e** (lokasjonsbasert metode)
 - b. **74,6 tCO₂e**, (marknadsbasert metode) med bruk av utsleppsfaktor for straum utan opphavsgaranti
3. utsleppskategori 3: **160,29 tCO₂e**

Utsleppskategori 3 representerer den klart største delen av verksemda sitt klimafotavtrykk og er i hovudsak knytt til flyreiser. Interkontinentale reiser står for om lag 70 prosent av samla reiseutslepp og er den viktigaste drivaren for endringar i utsleppsnivået.

Vi har også utarbeidd klimarekneskap for tenestereiser for perioden 2023–2025. Totale utslepp frå reiser auka frå 125,1 tonn CO₂e i 2023 til 155,6 tonn CO₂e i 2025. Auken heng saman med vekst i reiseaktiviteten. Samla reiselengd auka frå 1,36 millionar kilometer i 2023 til 1,56 millionar kilometer i 2025.

Klimarekneskapen gir eit kunnskapsgrunnlag for å følge utviklinga i reiseverksemda og vurdere tiltak som kan avgrense framtidig vekst i utslepp.

Flyreiser er ein del av kjerneverksemda. Utvekslingsmodellen består av å sende unge menneske til andre land for å arbeide, ofte interkontinentalt. Vidare arbeid med utsleppsreduksjon vil derfor særleg vere retta mot reisepolicy, auka bruk av digitale møte der det er formålstenleg, og bevisste val om energibruk.

Norec har vurdert kjøp av klimakvotar for tenestereiser, men tilgjengeleg kunnskap viser at effekten og varigheita av slike tiltak kan vere usikker. Norec kjøper derfor ikkje klimakvotar.

Arbeidet med ein vesentlegheitsanalyse i samsvar med Miljødirektoratet sine retningslinjer blei påbegynt i 2025 og skal ferdigstillast i 2026. Denne analysen vil gi grunnlag for vidare prioriteringar.

4.5.2. Positiv utvikling i talet på tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Norec er ei relativt lita verksemd, der talet på tilsettingar totalt og talet på tilsettingar i dei aktuelle gruppene vil variere i stor grad. Norec har vurdert saka og vedtatt eit mål om tilsetting av minst 0,5 årsverk per år frå desse gruppene. Vurderinga er gjord av ei partssamansett arbeidsgruppe.

I 2025 har vi gjort totalt ni tilsettingar i faste og mellombelse stillingar. 0,8 årsverk er i gruppa for funksjonsnedsetting, og 0,9 årsverk i gruppa for fråvær frå arbeid. Målet for 2025 er såleis oppfylt.

Dette er ei positiv endring frå 2024, då vi ikkje tilsette nokon frå desse gruppene.

I delar av 2025 har vi hatt ein person på arbeidstrening via Nav. Vi har også hatt ein deltidstilsett med delvis lønnstilskot gjennom Nav. Slike tiltak tilfører både oss og dei aktuelle arbeidstakarane stor verdi. Vi er positive til å halde fram med slike moglegheiter.

4.5.3. Reduksjon av konsulentbruken

Norec jobbar systematisk for å styrke eigen kapasitet, sikre meir effektiv ressursbruk og redusere avhengigheita av eksterne leverandørar over tid.

I 2025 har vi brukt totalt kr 6 782 213 kroner på konsulenttenester. Dette er ein auke på 4 359 485 kroner.

Forklaringa på auken i konsulentkostnader i 2025 er at evalueringsavdelinga for norsk bistand er flytta til Norec. Integreringa av avdelinga inneber betydelege oppstartskostnader når det gjeld både etablering av nye IT-system, metodikk, datainfrastruktur og mellombels behov for spesialisert kompetanse. Dette kjem på nærmare 4 millionar kroner og er i hovudsak eingongskostnader.

Oppstart av eit digitaliseringsprosjekt i Norec og utvikling av eksisterande system utgjer ca. 2 millionar kroner. Dette er også i hovudsak eit eingongsprosjekt.

Kommunikasjonsbransjen

Kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen er bokført med ca. 180 000 kroner i 2025. Desse innkjøpa består hovudsakleg av språkvask og grafiske tenester.



DELING AV KUNNSKAP: Norec partner Parmarth Samaj Sevi Sansthan jobbar saman med partner Integrated Village Development Service i Nepal om klimatilpassa dyrkingsmetodar.

5. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

I 2026 vil nok dei fleste vere varsame med å kommunisere tankar om framtida. Endringane skjer no så fort og tar så uventa vendingar at det smartaste vi gjer, er å bygge omstillingskapasitet i verksemdene våre. Verdshistorikaren Yuval Noah Harari har peikt på at det i år 1020 var langt enklare å føresjå korleis verda ville sjå ut i 1050, enn det i 2020 var å føresjå verda i 2050.

Norec har dei siste 25 åra lagt til rette for at over 13 000 unge menneske har hatt arbeidsutveksling i eit anna land. Dei har møtt nye kollegaer og reist heim med ny innsikt, som dei igjen har delt med medarbeidarar og partnarar. Eit moderat estimat vil vere at kvar enkelt person har hatt innflytelse på 10 andre med det dei har lært under utveksling. Då ser vi konturane av eit samfunn med 130 000 menneske som har fått kunnskap om berekraftig utvikling takka vere arbeidsutveksling.

Om vi legg til dei om lag 1500 verksemdene, institusjonane eller organisasjonane, som har sendt ut og tatt imot unge menneske på utveksling, og deira kundar og brukarar igjen, ser vi eit mangfald av yrke og land som har delt sin kompetanse for å gjere verda til ein betre stad i morgon enn i går.

Trass i alt som skjer i verda i dag, fungerer faktisk denne modellen for arbeidsutveksling veldig bra, og resultatane er tydelege, som vi har sett i kapittel 3 i denne rapporten. Norec har styrkt, og vil halde fram med å styrke, kunnskapen vi og utvekslingsdeltakarane har om sikkerheitsrelaterte spørsmål og situasjonar. Sikkerheit er og blir viktig, for i takt med opprustinga vil verda dei neste åra bli meir prega av spenning og farlege situasjonar. Det skal ikkje stoppe arbeidsutveksling og globalt samarbeid, men vi må vere førebudde.

Norec vil i tida framover utvikle metodar for å få strategiske perspektiv frå partnarar i mange land.





BEREKRAFT: Norec partner Parmarth Samaj Sevi Sansthan jobbar med organisk dyrking og berekraftig landbruk i Jhansi, India.

Dei representerer eit breitt lag av folket og vil gi oss innsikt i kva andre tenker om framtida, og korleis framtidsutsiktene ser ut der dei lever. Dette vil kunne gi oss verdifull innsikt i å utvikle arbeidet vårt med evaluering, arbeidsutveksling og rekruttering til multilaterale organisasjonar vidare.

Som verdas største multilaterale organisasjon har FN ei formidabel utfordring: Organisasjonen må både løyse dei oppdraga han har fått frå sine 193 medlemsland, men også å klare dei økonomiske utgiftene oppdraga medfører. Noreg vil og skal oppretthalde si støtte til FN, og vi kan med fordel rekruttere fleire kvalifiserte norske kvinner og menn til FN. Dette vil kunne sette viktige avtrykk av desse fire verdiane frå norsk offentleg forvaltning: demokrati, rettssikkerheit, fagleg integritet og effektivitet.

FNs andre generalsekretær, Dag Hammarskjöld, sa i 1954 at FN ikkje var skapt for å ta menneskeheita til himmelen, men for å redde ho frå helvete. Det er ei mager trøyst, men likevel noko vi bør hegne om med dei framtidsutsiktene vi ser.

To viktige strategiar skal hjelpe oss med å møte desse utfordringane: For det første må vi jobbe med mangfald og inkludering for å nytte den kapasiteten som er i befolkninga. For det andre må staten ved politikarar og arbeidsgivarar framstå som føreseielege for å klare å halde på dei tilsette, slik at etaten Norec kan levere dei tenestene vi har fått i oppdrag å levere.

6. ÅRSREKNESKAP 2025

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Årsrekneskapen gir eit dekkande bilde av verksemda sine disponible tildelingar og rekneskapsførte utgifter, inntekter og fordringar og gjeld. Norec fører og rapporterer verksemdsrekneskapen ut frå kontantprinsippet. Årsrekneskapen skal gi eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året. Rekneskapen til Norec blir revidert av Riksrevisjonen, som stadfestar årsrekneskapen. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men det er forventa at revisjonsmeldinga vil vere klar i løpet av andre kvartal 2026.

Førde, 9. mars 2026

Jan Olav Baarøy
Direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for statlege verksemder er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer som er fastsette i føresegnene om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærmare føresegner i rundskriv R-115 av desember 2022 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i punkt 3.5 i føresegnene, der det står korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja Netto rapportert til løyvingsrekneskapen er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er etter punkt 3.7.1 i føresegnene knytt til konsernkontoordninga for staten i Noregs Bank. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har rett til trekk på konsernkontoen. Ved overgang til nytt rekneskapsår blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa inneheld ein øvre del med løyvingsrapportering og ein nedre del som viser den behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rapporten er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og plikter verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen i staten.

Mottatte fullmakter til å belaste eit kapittel / ein post hos ei anna verksemd (belastningsfullmakter) står ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtala i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og står i kolonnen for rekneskap.

Gitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen av verksemda sjølv. Dei gitte belastningsfullmaktene blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta, og er derfor ikkje oppførte i kolonnen for rekneskap. Dei gitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som går inn i mellomvære med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein rett til trekk på konsern-konto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje oppførte som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorapporteringa med notar viser rekneskapstal rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa i artskontorapporteringa bokførte tal frå verksemda sin kontospesifikasjon i kolonnen Spesifisering av bokført avrekning med statskassa. Noten viser forskjellen mellom beløp verksemda har bokført på eigedels- og gjeldskontoar i verksemda sin kontospesifikasjon (inkludert saldo på kunde- og leverandørre-skonto), og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassa.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho oppfyller krava i føresegnene om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. punkt 3.3.2 i føresegnene, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. punkt 4.4.3 i føresegnene, er bokførte. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2025

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2025	Merutgift (-) og mindreutgift
0144	Norec	01	Driftsutgifter	A,B	74 519 000	72 422 233	2 096 768
0144	Norec	21	Spesielle driftsutgifter (EVAL)	A,B	5 000 000	4 475 955	524 045
0144	Norec	70	Utvexlingsordninger	A,B	154 480 000	152 512 477	1 967 523
0144	Norec	71	Rekruttering til internasjonale organisasjoner	A,B	75 201 000	74 351 324	849 676
0159	Regionløyvingar	70	Midtausten	A,B	3 975 000	3 974 979	21
1482	Internasjonale klima- og utviklingstiltak	01	Driftsutgifter	A,B	800 000	763 489	36 511
0170	Sivilt samfunn	70	Sivilt samfunn	A,B	7 500 000	7 430 367	69 633
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten		0	3 528 553	
Sum utgiftsført					321 475 000	319 459 377	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2025	Merinntekt og mindreinntekt(-)
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift - inntekt	0	6 362 438	
Sum inntektsført					0	6 362 438

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet						313 096 939
Kapitalkontoer						
60092101	Norges Bank KK /innbetalinger				7 077 082	
60092102	Norges Bank KK /utbetalinger				-320 350 899	
701111	Endring i mellomværende med statskassen				176 878	
Sum rapportert						0

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)						
Konto	Tekst	2025		2024	Endring	
701111	Mellomværende med statskassen	-2 527 093		-2 703 971	176 878	

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
144.01	1 148 000	73 371 000	74 519 000
144.21		5 000 000	5 000 000
144.70	1 003 000	153 477 000	154 480 000
144.71	201 000	75 000 000	75 201 000
159.70		3 975 000	3 975 000
170.70		7 500 000	7 500 000
1482.01		800 000	800 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten**
144.01		2 096 768		2 096 768			2 096 768	3 668 550	2 097 000
144.21	Kan overføres	524 045		524 045			524 045	5 000 000	524 000
144.70	Kan overføres	1 967 523		1 967 523			1 967 523	286 954 000	1 968 000
144.71	Kan overføres	849 676		849 676			849 676	125 000 000	850 000
159.70	Kan overføres	21		21			21	3 975 000	0
170.70	Kan overføres	69 633		69 633			69 633	13 957 000	70 000
1482.01		36 511		36 511			36 511	40 000	37 000

* Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres".
Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Note C Oversikt over binding på framtidige års bevilgninger

Avtaler om leie av kontorlokaler

Gjenværende varighet per 31.12.	Årlig leiebeløp	Av neste års bevilgning	Av senere års bevilgning	Samlet binding på framtidige års bevilgninger
Varighet inntil 1 år				0
Varighet 1–5 år	3 200 000	3 200 000	12 800 000	16 000 000
Varighet over 5 år				0
Totalt	3 200 000	3 200 000	12 800 000	16 000 000

Andre vesentlige leieavtaler*

Gjenværende varighet per 31.12.	Årlig leiebeløp	Av neste års bevilgning	Av senere års bevilgning	Samlet binding på framtidige års bevilgninger
Varighet inntil 1 år				0
Varighet 1–5 år				0
Varighet over 5 år				0
Totalt	0	0	0	0

Vesentlige avtaler om kjøp av tjenester

Gjenværende varighet per 31.12.	Årlig beløp	Av neste års bevilgning	Av senere års bevilgning	Samlet binding på framtidige års bevilgninger
Varighet inntil 1 år				0
Varighet 1–5 år				0
Varighet over 5 år				0
Totalt	0	0	0	0

Oppstilling av artskontorapporteringen 31.12.2025

	Note	2025	2024
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	0	0
Andre innbetalinger	1	0	0
Sum innbetalinger fra drift		0	0
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	51 532 369	44 252 949
Andre utbetalinger til drift	3	32 556 164	25 830 879
Sum utbetalinger til drift		84 088 534	70 083 828
Netto rapporterte driftsutgifter		84 088 534	70 083 828
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	195
Sum investerings- og finansinntekter		0	195
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	763 434	1 322 075
Utbetaling til kjøp av aksjer	5, 8	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	4 479	666
Sum investerings- og finansutgifter		767 913	1 322 741
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		767 913	1 322 546
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter avgifter gebyrer m.m.	6	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten*			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	231 074 377	180 530 031
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		231 074 377	180 530 031
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler **			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309 inntekt)		0	0
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700 inntekt)		6 362 438	5 441 985
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633 utgift)		3 528 553	2 036 398
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler		-2 833 885	-3 405 587
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		313 096 939	248 530 818
Oversikt over mellomværende med statskassen			
Eiendeler og gjeld		2025	2024
Fordringer på ansatte		36 000	84 000
Kontanter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-1 959 954	-1 597 571
Skyldige offentlige avgifter		0	0
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-606 187	-1 197 700
Mottatte forskuddsbetalinger		0	0
Lønn (negativ netto for mye utbetalt lønn m.m.)		3 048	7 300
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger		0	0
Sum mellomværende med statskassen	8	-2 527 093	-2 703 971

Note 1 Innbetalinger fra drift	31.12.2025	31.12.2024
Innbetalinger fra gebyrer		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer		
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger		
Sum salgs- og leieinnbetalinger	0	0
Andre innbetalinger		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger fra drift	0	0

Note 2 Utbetalinger til lønn	31.12.2025	31.12.2024
Lønn	42 470 314	33 878 601
Arbeidsgiveravgift	6 362 438	5 441 985
Pensjonsutgifter*	2 746 787	3 375 813
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-2 191 113	-812 370
Andre ytelser	2 143 943	2 368 920
Sum utbetalinger til lønn	51 532 369	44 252 949

Antall utførte årsverk:	51	44
--------------------------------	----	----

Lønn og andre ytelser til virksomhetsleder	1 636 425	1 548 981
---	-----------	-----------

* Premiesatsen for arbeidsgiverandelen utgjorde i 2025 6,7 prosent (arbeidsgiverandel av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2025 rapportert til SPK). For regnskapsåret 2024 utgjorde premiesatsen 10,4 prosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift	31.12.2025	31.12.2024
Husleie	2 960 464	2 846 330
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	0
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	1 186 005	1 156 988
Reparasjon og vedlikehold av maskiner utstyr mv.	1 294	476
Mindre utstyrsanskaffelser	726 349	142 490
Leie av maskiner inventar og lignende	1 861 214	1 738 844
Kjøp av konsulenttenester	6 782 213	2 422 728
Kjøp av andre fremmede tjenester	3 732 562	2 563 155
Reiser og diett	4 312 783	3 632 771
Øvrige driftsutgifter	3 816 232	2 556 979
Kurskostnader (kappost tilskudd)	7 194 770	8 770 118
Nettverksaktiviteter ført tilskudd	-17 722	
Sum andre utbetalinger til drift	32 556 164	25 830 879

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter	31.12.2025	31.12.2024
Innbetaling av finansinntekter		
Inntekter fra eiendeler i selskap m.m	0	0
Salgssum ved realisasjon av verdipapirer	0	0
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	195
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	195
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	3 192	666
Valutatap	1 287	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	4 479	666
Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer	31.12.2025	31.12.2024
Utbetaling til investeringer		
Immaterielle eiendeler og lignende	47 508	0
Tomter bygninger og annen fast eiendom	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsløre inventar verktøy og lignende	715 926	1 322 075
Sum utbetaling til investeringer	763 434	1 322 075
Utbetaling til kjøp av aksjer		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0
Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0
Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	31.12.2025	31.12.2024
Tilskudd til internasjonal rekruttering	74 351 324	50 065 835
Uttevslingsordninger	145 317 707	124 042 896
Kurs	7 194 770	8 770 118
Demokratistøtte	7 430 367	6 421 301
Regionløyvingar RIO	3 974 979	
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	238 269 147	189 300 150
Tilskudd ført drift jf. note 3	-7 194 770	-8 770 118
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	231 074 377	180 530 032



Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2025	31.12.2025	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	36 000	36 000	0
Bankinnskudd kontanter og lignende	0	0	0
Fordringer vedrørende innkreivingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>36 000</i>	<i>36 000</i>	<i>0</i>
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-2 928 264	0	-2 928 264
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-1 959 954	-1 959 954	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-229 181	-603 139	373 958
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	-2 107 174	0	-2 107 174
<i>Sum</i>	<i>-7 224 573</i>	<i>-2 563 093</i>	<i>-4 661 480</i>
Sum	-7 188 573	-2 527 093	-4 661 480



NORÆC

Norsk senter for utvekslingssamarbeid
Fjellvegen 9, 6800 Førde

Tlf: +47 57 99 00 00
www.norec.no
norec@norec.no

Alle foto: Norec